
Saknr: 2019/178-3
Saksbehandlar Petter Lem Gullestad
Dato: 04.02.2020

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål knytt til byvekstavtalen

I møte i fylkesutvalet 30. januar 2020 vart det stilt spørsmål om Vestland fylkeskommune skal leggje ferdigforhandla byvekstavtale ut på høyring i tråd med utredningsinstruksen.

Utredningsinstruksen er fastsett ved kongelig resolusjon 19. februar 2016. Av punkt 1-2 om verkeområde følgjer:

«Instruksen gjelder for utarbeiding av beslutningsgrunnlag for statlige tiltak som utføres i, eller på oppdrag for, statlige forvaltningsorganer.»

Med statlege forvaltningsorgan er meint departement og underliggjande verksemdar, jf. rettleiar til utredningsinstruksen.

Vestland fylkeskommune er eit eige rettssubjekt og er ikkje å sjå som underliggjande verksemd. Utredningsinstruksen gjeld difor ikkje for Vestland fylkeskommune, og byvekstavtalen vil ikkje bli lagt ut på høyring.